

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal


Møtereferat - Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) 25.08.2010

Til stades; Øystein Folden, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal. Åsa Fredly, Norges Jeger- og Fiskerforbund i Møre og Romsdal. Ingolf Mork, Nordmøre og Romsdal friluftsråd. Ingbjørn Bredeli, koordinatør Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). Atle Frantzen i Romsdal og Molde turistforening hadde ikkje høve til å møte.

Saksliste:

- Synfaring Kolmanneset friluftsområde i Rauma kommune.**
Kolmanneset er eit statleg sikra friluftsområde ned mot sjøen liggande nord i Isfjorden som Miljøverndepartementet eig og som Rauma kommune driftar . Situasjonsrapport: Eit utruleg fint område med stort potensiale. Ikkje skilta ved riksveg eller på parkeringsplass. Lind planta ved parkeringsplassen. Ei stripe ned mot badebukta innst slått med grasklippar, elles ikkje slått i år. Bilkøyring frå parkeringsplassen over attlega ned mot leirstad . Sjøppel ikkje henta og eit skittent toalett .


Forslag til tiltak som blir sendt over til Rauma kommune med kopi til Fylkesmannen; Skilt ved riksveg og på parkeringsplass, sjøppel tømning og reinhald av toalett må settast i system, dei planta lindetrea flyttast til ein høveleg stad i kommunen (opparbeidd park), det må skiltast om at dette er eit friluftsområde ope for alle, bilkøyring over attlege og inn i skogen må hindrast med fysisk hinder til dømes ein steinsetting rundt parkeringsplassen, slåttemarka må slåast etter frøsetting som den fine slåtteenga den er (settast bort til handfaste bønder som til døme Ivar Hoel på Torvika).



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

- Sluttsynfaring Verma kraftverk.** Grunnlaget for synfaringa var Rauma Energi AS (100 % eigd av Rauma kommune) sin søknad om å renovere Verma kraftverk frå dagens 9,3 MWT til 22,5 MWT. NVE hadde invitert til synfaring og det var møtt fram om lag 25 stk frå offentlege partar , interesseorganisasjonar og grunneigarar. Frammøte ved det gamle kraftverket frå 1946. Såg på elvestrekninga ned frå kraftverket dei 300 meter elva blir influert av det omsøkte tiltaket. Me såg det gamle kraftverket frå 1933 liggande oppe i den tørrlagte Vermefossen. Første kraftverk på Verma (Stavem) vart laga i 1918 for å framskaffe straum til å lage V endetunellen på Raumabanen. Kjørde vidare opp lia til inntaket til kraftverket der dammen ligg. Det er her den største striden har stått om den omsøkte dammen med høgde 7,5 meter over dagens høgde. Grunnlaget for å auke storleiken på dammen var todelt; det eine for å ha større magasin slik at ein kunne ha meir fleksibilitet ved køyring samt at ein skulle unngå isproblemane. DN sin representant peika på at det var ein saksbehandlingsfeil at grensepålane vart sett ovanfor vasslina på dammen. Det er berre Kongen i Statsråd som kan omgjere denne grensa og difor var det uaktuelt å gje noko løyve til å byggje dammen inne i naturreservatet aust for inntaksdammen. Naturvernforbundet sin representant la fram sitt forslag til løysing med å leggje ein ny dam lenger aust slik at ein gjekk fri for reservatet samt at ein kunne køyre kraftanlegget i anleggstida. Det blei også stilt spørsmål om kvifor det ikkje var utreda eit alternativ der ein traua ut og sprengte ut nedover i den eksisterande inntaksdammen for på den måten og unngå og gjere inngrep i naturreservatet samt unngå ein ny skjemmaende fylling.

FNF ser at det trengs opprusting av Verma kraftverk. FNF finn dei tekniske løysingar som lagt fram som tilfredsstillande bortsett frå inntaksdammen. Her meiner FNF at utbyggjar må utrede alternative løysingar der ein ikkje er i konflikt med naturreservatet; det vil seie både ei løysing med alternativ inntaksdam og ei løysing med utdjuping av eksisterande inntaksdam. Elles vil FNF be NVE om å sjå nøye på



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

manøvreringsreglementet her og setje dette i samanheng med reguleringa av Gryttenreguleringa samt Bøervassreguleringa slik at vannregimet samla sett ikkje kjem dårlegare ut etter renoveringa enn det var før.

3. Ålesund og Omland Friluftsråd (FÅO) sin tiltreding i FNF.

Årsmøtet i FÅO vedtok deltaking i FNF, styrevedtak i sak 19/2010 i FÅO:


Styret vedtek at Friluftsrådet sluttar seg til Forum for Natur og Friluftsliv jfr tilslutningserklæring i vedlegg (side 8). Styret ser det som naturleg at Friluftsrådet skal ha plass i styringsgruppa for FNF med dagleg leiar som rådet sin representant. FÅO ber om at sak om FNF sine fullmakter til representasjon etc på vegne av organisasjonane vert teke opp på fyrste fellesmøte i FNF. Dagleg leiar og styreleiar representerer rådet på FNF sitt årlege fellesmøte med dei fullmaktene som vert gjeve av styret på førehand.

FNF sender styrevedtaket til ÅOF til FNF-sentralt for vurdering i høve til FNF sine vedtekter.

- 4. Deltaking i arbeidsgruppe i samband med Landskonferanse i Friluftsliv 2011.** FÅO er vertskap for neste års Landskonferanse i Friluftsliv. I samband med dette er det ynskjeleg å sette ned ei arbeidsgruppe med representantar for ulike organisasjons- og forvaltningsnivå. FNF er invitert av FÅO til å ta del i arbeidsgruppa som regional representant for friluftsliv- og naturvernorganisasjonane.

FNF finn det som si oppgåve å ta del i denne arbeidsgruppa med sin koordinator og vil så langt FNF finn det naturleg ta del i denne konferansen.

FNF sin koordinator sine arbeidsoppgåver fram til årsskiftet. Det blei nemd følgande oppgåver; reiser/kontordag annan kvar veke til Sunnmøre, oppsøke dei store friluftslivorganisasjonane i fylket som Ålesund og Omland turistforening, KNT, Redningsselskapet, kystlaga o.l., planlegging av verksemda for neste år, jamnleg kontakt med fylkesadministrasjonen knytt til friluftsliv, møte med Fylkesmannen om statsbudsjettet medio oktober der våre medlemsorganisasjonar blir



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

invitert til å delta, invitere fylkesadministrasjonen til å reise ut og ta del i kveldsmøter i aktuelle saker, arbeide med primært overordna planer og planar med stor betydning og som kan gje presidents for seinare saker, jobbe aktivt med fylkespolitikarane fram mot valet neste år, syte for at det i alle kommunar er minst 2 organisasjonar innan natur og friluftsliv som er aktive med innspel i kommunale og andre aktuelle prosessar (ikkje nødvendigvis lag på kommunenivå, men noko som er aktivt).

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal